

Spar Uskedalen - regionsvinnar i to klassar.

08.09.2017



Leiartioen Gunn Mari Moberg, Bente Nilsen og Kjersti N. Børve saman med Hjørdis Holgersen og kjededirektør Ole Fjeldheim.

Den gode og veldrivne Spar-butikken vår har gjennom åra blitt tildelt mange velfortente prisar. I år er dei regionsvinnarar i to klassar, - Årets Spar-butikk og Årets servicebutikk. Dermed er dei også blant dei nominerte når vinnarane på landsbasis skal kårast på ei stor Spar-samling i Oslo 19.september.



Kjededirektør i Spar, Ole Fjeldheim, viser den gjevaste prisen Spar Uskedalen har vunne, Årets Spar-butikk 2012.

Dei gledelege resultatata vart gjort kjent for pressa då kjededirektør i Spar Norge, Ole Fjeldheim, besøkte Spar Uskedalen fredag føremiddag. Fjeldheim sa at det var heilt spesielt at same butikk vart nominert til to ulike prisar, og la til at butikken var eit prakt eksempel på korleis dei ønskte ein Spar-butikk. Som eit bevis på dette nemnde han at dei hadde vunne serviceprisen 4-5 år på rad, og at dei alltid var nominert blant dei 3 beste. Butikken vann den gjevaste prisen **Årets Spar-butikk** i landet i 2012.

Fjeldheim sa at alle service-prisane viste at dei var suverene på det området, men han la til at det var svært sterke på mange felt og nemnde m.a. ein svært god varmmatdisk og godt vareutval. Dei er svært flinke å bruka sosiale medium på ein underhaldande og god måte, og dei har arrangement og tiltak som skaper postivt liv og røre i bygda. Han sa og at dei var flinke til å gje kundane noko tilbake i form av støtte- og sponsortiltak til lag og arrangement. Arbeidsmiljøet mellom dei tilsette er også heilt topp.

Butikken er på snittet av dei 300 Spar-butikkane i landet både når det gjeld storleik og ein omsetning på 41,6 millionar. No er altså 8 av desse 300 butikkane valde til å kjempa om å verta kåra til **Årets Spar-butikk**, - 2 butikkar frå kvar av dei 4 regionane. Spar Jølstraholmen er den andre frå Region Vest. Vinnaren vert gjort kjent på storsamling i Oslo 19.september når 600 kjøpmenn og assisterande kjøpmenn frå Sparkjeda er samla der.

Det er grundige vurderingar som vert lagt til grunn når Årets Spar-butikk vert kåra. Kundeundersøkinga og nøkkeltall som syner gjennomføringa av drifta er sentrale. Det er også besøka som vert gjennomført. No vurderer kjededirektøren butikken ut frå sentrale punkt i eit oppsett skjema for at vurderinga skal verta så objektiv som mogeleg. Han sjekkar om det er 'hol i hyller', godt skilta, reint og ryddig, butikkstandard, observerer kundebehandling og mykje anna.

- Vi kan vel mest seia at eg leitar etter kva dei bør gjera betre, seier Fjeldheim, som i tillegg gjennomfører eit intervju med leiaren, i vårt tilfelle Bente Nilsen, som ein del av vurderinga.

19.september får vi altså vita kven som vinn prisen som **Årets Spar-butikk**. Premien er på 100.000 kr + 5.000 pr. tilsett. Den skal brukast på eit sosialt tiltak for dei tilsette. Då Spar Uskedalen vann i 2012, brukte dei premien til ein kjekk tur til Dublin.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland